

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

|       |                          |           |  |         |
|-------|--------------------------|-----------|--|---------|
| Nr. 4 | Utkommer annenhver måned | Juli 1930 | Utgiver og redaktor:<br>Sogneprest Slaattelid<br>Davik | 1. årg. |
|-------|--------------------------|-----------|--|---------|

### Den norske kyrkja.

Fedrar si kyrkje i Noregs land,  
kjæraste samfund å kjenna!  
Vide ho femner kring fjell og strand,  
fast er ho grunna av Herrens hand,  
klårt skal Guds tempelljos brenna.

Alt fekk si vigsle i kyrkjefamn:  
Brudgom og brud med sin lovnad,  
heimen og borni sitt kristennamn,  
dei som for ut, dei som kom i hamn,  
dei som i Herren fekk sovna.

Folket frå gamalt hev stridt seg fram,  
Kristus var med oss i verket,  
frelste dei trugne frå sorgi gram.  
Kristus er trugen, og svik er skam.  
Krossen hans er vårt merke.

Fager er flokken i tusund år  
Gud i vår kyrkje fekk frelsa.  
Lengsla mot framtidi vonfullt trår:  
Ungdomen kristna er Noregs vår,  
Noreg si framtid og helsa.

Ungdomar, kom då til strid for Gud!  
Heren skal møta sin konge  
væpna og viljug, i heilag skrud,  
samla i ljuset, frå nord og sud.  
Krist kjem med ljøs til dei unge.

Far då med Kristus, so fer du vell!  
Strid for Guds rike på ferdi!  
Strid då for fridom åt bunden træl.  
Gud gjeve freden åt Noregs sjæl.  
Gud lyse fred over verdi.

Etter biskop Eklund i Nynorsk salmebok.

### Kyrkja vår mor.

Det venaste namnet me hev på kyrkja,  
er når me kallar henne mor. Luther brukar  
det namnet »vår kjære mor« og han segjer:  
»I hennar fang hev Kristus lagt oss; ho  
nærer og ber kvar kristen.« Og me hev  
bibelsk rett til å bruka morsnamnet. Pau-  
lus skriv i Gal. 4, 26: »Men det Jerusalem  
som er deruppe er fritt, og det er mor vår.«  
Her meinar Paulus den kristne kyrkja i mot-  
setning til jødesamfundet, det Jerusalem  
som no er og som er i trældom med borni  
sine. So torer eg då trygt kalla den norske  
kyrkja mi åndelege mor; der hev eg fenge  
alt det Gud hev gjeve meg av nåde og  
frelse. Då eg var liten, sa kyrkja til far  
og mor at dei skulde bera meg til den  
kristne dåpen, og ho hev sidan med moder-  
kjærleik fylgt all min livsgang. Ho fekk  
far og mor til å fortelja og syngja åt meg  
um Jesus, ho gav meg kristeleg opplæring  
i skulen og tok meg til konfirmasjon. Ho  
hev signa mitt ekteskap og ført mine born  
til dåpen. Ho hev gjeve meg eit arbeid i  
Guds vingard, og når eg til slutt skal leggja  
lekamen til kvile i gravi, so fylgjer ho med  
si siste velsigning og med den ljose kristne  
von um uppstoda.

Eg fekk so levande kjensle av dette mo-  
derhjarta då eg var prest på austkanten i  
Oslo. Når eg stod i gravkapellet og tala  
over dei avlidne som skulde berast til gravi,  
so kunde eg sjå ei barnekiste millom dei  
andre. Hadde ho blomar på seg? Nei,  
ingen blomar. Kvar var då fylgjet? Det  
var ingen å sjå. Far og mor? Nei, ingen.  
Sysken eller vener? Nei, ingen, ingen. Den  
vesle barnekista stod der fatig og einsleg.  
Då sa kyrkja til klokkaren og meg: »De  
skal fylgja dette barnet til gravi, på mine

vegner. Lat det få same ære frå meg som dei andre. Lat det få salmesong og bibelord og same velsigning som ein prins vilde ha fenge.»

Soleis er kyrkja. Ei mor som fylgjer lenger og meir trufast enn alle andre.

Skulde ikkje eg då elska mi åndelege mor att? Skulde eg svika henne og skjella henne? Nei, eg vil takka henne og tena Gud i henne med all den kjærleik og kraft som Han gjev.

Etter biskop Hognestad.

### Olsok-høgtidi.

Biskopen hev sendt ut eit rundskriv til alle prestar og sokneråd um 900-årsfesten den 29. juli. Han segjer:

Grunntonen i den norske kyrkja i jubileumsåret skulde fyrst og fremst vera takk til Gud for Hans store nåde og mange velgjerningar mot folket vårt i 900 år. Men saman med takki gjeng bot, so sant me fylgjer ordet i Salme 115, 1: »Ikkje oss, Herre, ikkje oss, men ditt namn gjeve du ære for di miskunn, for din truskap skuld.« Me segjer med profeten Daniel: »Du, Herre, er rettferdig, men me må blygjast. Ja, Herre, me må blygjast med kongane og hovdingane og federne våre, av di me hev synda mot deg.« Ogso kyrkja hev synda, med di ho ikkje hev vore so viljug reidskap for Guds nåde i folket som ho skulde.

Takk og bot høyrer saman. Utan rett takk ingi rett bot. Dei vanlege kyrkjebønene våre etter preika tek til med takk og gjeng yver til bot. Det same er tilfellet med vår norske bededagsbøn, og me kan i Bibelen visa til botbøn i Nehemia, kap. 9, som ogso tek til med takk og lov. Nehemia kunde og laga til fest til Guds ære, endå det stod heller låkt til med folket. Han vigde murane kring Jerusalem med gledehogtid med lov og song, med cymbalar og harpor og citrar, og han skipa tvo store prosesjonar. Jes. 51, 3 segjer, at når Israels murar vert oppreiste att, skal det finnast frygd og glede der, lovsong og jubeltonar. Salme 33, 1 segjer at lovsong sømer seg nett for dei ærlege. Ærleg gudsfrykt og lovsong høver i hop.

Det er no den evangelisk-lutherske norske

kyrkja som held 900-års jubileum. Ho kan trygt gjera det, for ho er framhald av den gamle kyrkja. Etter si augsburgske truvejdkjenning, artikkel 21, veit ho seg i læresamklang etter Guds ord med den ålmenne kyrkja alt frå gamal tid; ho hev berre teke burt nokre misbruk som hadde kome inn i kyrkja. Me hev enno den gamle norske kyrkja, berre reinska og skira. Me takkar Gud for det Han i nåde vilde bruka kong Olav til, og me minner um kongen som let seg bruka til å »reisa krossmerket i folket vårt og grunna den heilage kristne kyrkja her i vårt fedreland.« Det gjer me med full evangelisk rett med di Gud ålcine fær pris og ære.

Når me ser attende på ei lang kristendomssoga i eit land, ligg det nær å tenkja på surdeigskrafti i kristendomen. I det stykket hev kong Olavs kristendom mykje likskap med evangelisk-luthersk kristendom. Kong Olav fekk kristendomen inn i norsk lov i den meining at han skulde gjennomsyra det norske folkelivet. Og frå den dagen hev surdeigen verka i folket til å skapa ny sed og skikk og tenkjemåte. Luther hadde mykje djupare syn på personleg kristendom; men samstundes hadde han meir enn dei fleste syn for samanhengen millom kristendom og folkeliv.

Tenkjer me no på den kristelige gjennomsyring av vårt norske folk i 900 år, so finn me mykje som me hev grunn til å takka Gud for. Men når me på den andre sida ser korleis gamle folkesynder reiser seg på ny og saman med nye syndar herjar i folket, og åndeleg likesæle og kulde sig yver oss som øydande frostnæter, då kjenner kyrkja kor mykje ho hev forsømt, og kor vanmektig ho er i den uendeleg store oppgåva å vera ljøs og salt og surdeig. Det driv til anger og bot og til å søkja alltid djupare inn i Guds nåde.

Kvart folk hev av skaparen fenge si oppgåve i verdi og sine evner til fylla oppgåva. Vinglar folket ut frå oppgåva si, gjeld det å kalla det heimatt til seg sjølv. Det vert då som den svenske historikaren segjer: »Det største av alle framsteg er attersteget til seg sjølv.«

Vårt norske folk hev store brot i soga vår som treng bøtast. Difor treng me meir enn

Det er lett vint og hyggelig å holde kirkefest. Men festen er gavnløs og skadelig, dersom den ikke hjelper oss til mere taknemmelighet mot Gud for Hans nåde mot oss i disse 900 år, til mere kjærlighet til vår kirke og dens gjerning, til mere iver i å tjene Gud hver på vår plass i livet.

La oss be kollekten på Olsokdag: »Herre Gud, himmelske Fader, vi takker dig fordi du gav kong Olav nåde og kraft til å reise korsets merke i vårt folk og grunne din hellige kristne kirke her i vårt fedreland. Vi ber dig, opvekk og styr våre hjerter ved din Hellige Ånd, så vi i liv og død holder fast ved ditt hellige ord og i fred og enighet bygger vårt land, dig til ære og vårt folk til lykke og velsignelse, ved din elskede Søn, Jesus Kristus, vår Herre, som med dig lever og regjerer i den Hellige Ånds enhet, én sann Gud fra evighet og til evighet. Amen.«

R. S.

### Gudstenester.

|                                      |          |
|--------------------------------------|----------|
| Olsokdag, 29. juli:                  | Davik.   |
| 7. søndag etter treining, 3. august: | Davik.   |
| 8. » » » 10. »                       | Totland. |
| 9. » » » 17. »                       | Rugsund. |
| 10. » » » 24. »                      | Aalfot.  |
| 11. » » » 31. »                      | Davik.   |
| 12. » » » 7. september:              | Rugsund. |
| 13. » » » 14. »                      | Totland. |

Ved alle gudstenester altårgang um nokon ynskjer det.

### Notisar.

**Olsokdag**, tysdag den 29. juli, vert det stemne i Davik. Programmet vert soleis: Kl. 11 gudsteneste etter det serlege ritual som er utarbeidd av biskop Støylen og dr. Sandvik. Soknepresten preikar, Davik songkor syng, kyrkjesongar Daviknes er organist og Davik hornmusikk spelar. Det vert ofring til Moster-kyrkja. — Kl. 3 møte i kyrkja. Det vert korte talar av ordførar Leifdal, av kyrkjesongar Hausle um kristendomen og borna, av kyrkjesongar Bruland um kristendomen og dei unge, av lærar Husevåg um kristendomen og kvardagslivet, av Hilmar Kjøllesdal um kristendomen og den enkelte. Korsong. — Kl. 6 vespergudsteneste ved songkoret på Bryggja med preike av kandidat Ivar Slaattelid. — Det vil vera gjldt um folk møtte fram frå heile prestegjeldet so talrikt som mogeleg på denne 900-årsdagen. Eg bed lærarane og medlemmer av skuletilsyna å hjelpa til, at skuleborna får koma, alle med flag. Dei burde vera i Davik kl. ½11 og so gå i samla tog frå bryggja til kyrkja. Dagen vert venteleg rekna

for skuledag. Det vert mat å få kjøpt for dei tilreisande.

**Mosterkyrkja** er venteleg den eldste kyrkja i heile landet. På Moster var det at Olav Trygvesson let biskop Sigurd halda den fyrste gudstenesta som vi veit um i Noreg i året 995. Her heldt Olav den Heilage og biskop Grimkjell ting i 1024 og fekk vedteke den fyrste norske kristenrett. Den steinkyrkja som no står der er vel frå det 11. hundradåret. Det er no meininga å få henne restaurera, og biskopen har bede um, at det vert ofring til dette i alle kyrkjene i bispedømet ikring Olsok.

**Olsok-lesnad.** Dei som ynskjer tenkja nærmare over dei ting som har med jubileet iår å gjera vil eg råda til å få tak i desse bøkene: Sverre Norborg: »Kilden og veien«. Biskop Hognestad: »Kyrkja er mor«. Hognestad: »Olsok«. Desse bøker bør finnast i alle folkeboksamlingar.

**Ved Olsok-festen i Nidaros** skal der vera representantar for alle prestegjeld i heile landet. Lærar Aardalsbakke er vald til utsending frå Davik. Vonleg kjem han i neste nr. til å fortelja um sine inntrykk på ferda.

**Basarar.** I Maurstad og Rimstad krinsar kom inn ved basar for heidningmisjonen 2. februar kr. 392.00. — I Aalfot 15. mai til sjømannsmisjonen kr. 183.45. — I Davik 25. mai til sanitetsforeininga 165 kroner. — På Torheim 9. juni til sanitetsforeininga 165 kroner.

**Rugsund sokneråd** har sett Anders H. Eldevik til gravar ved Almanning kyrkjegard og Bolver Torheim til gravar i Hennøy. Med 7 mot 2 røyster vart vedteke å ha ofring iår til Menighetsfakultetet. — Frå ein unemnd gjevvar er motteke eit pent Kristus-bilæte til Rugsund kyrkje.

**Ektevigde:** 3. juni i Totland: Gbr. Karl Gutormsen Maurstad og Margit Rasmusdtr. Remøy. 5. juni i Totland: Gbr. Peder Pedersson Maurstad og Borghild Andersdtr. Nore.

**Kontingent** er til 15. juni betalt av: Aalfot: Kari Vik 2 kr. — Dombestein: Anton K. Domsten 2 kr. — Davik: Marta Liland, Peder R. Hausle, H. Indredavik 3 kr. — Endal: Peder Otteren 2 kr. — Rugsund: Fru Menzies, Lars Olsbø 3 kr. — Bortne: Malena Bortne 3 kr. — Hamnen: Simon Skorpen 2 kr. — Tytingvåg: Kristoffer I. Husevåg 3 kr. — Husevåg: Lærar Husevåg 3 kr. — Nordstrand: Karl Rødeggan 3 kr. — Rimstad: Iver Kassen 2 kr. Maurstad: Martinus Nore 3 kr. — Levdal: Jakob Aasnes kr. 2.50. — Haus: Andreas Haus 2 kroner.

Hjarteleg takk til alle.

**Orgelsaka i Davik:** Desse gävane er fullt innbetalt sidan sist: Andreas Haus 25 kr., Peder R. Hausle 50 kr., Kristen Ravnefjell 25 kr., Birger Rosenlund 10 kr. — Der er no på bankboka kr. 6 006.72.

mange andre å vera eit folk på heimveg til seg sjølv. Me skulde hjelpa fram alt det som kan nøra heimhugen i folket. Ikkje minst skulde kyrkja hjelpa til, liksom Luther gjorde i sitt folk. For verkeleg heimveg til velsigning vert det ikkje utan det med same er heimveg til Gud. Vårt kristne rop til folket lyt no vera: Heim til deg sjølv og heim til Gud!

Guds levande og skapande ord er det me treng i serleg grad no i år. Det må tona gjennom alle våre gudstenestar; utan det vert heile vår jubileumshøgtid fåfengd. Dei store fyrebuingane set mange av oss i angest. Kjem innhaldet i høgtidi til å svara til den yttre glans? Or denne angest og indre hjelpeløyse ropar me til Gud: »Kom, Heilage Ande, Kristi tolk! Fyll hjarta på ditt kristenfolk!« Og me ropar med profeten til oss sjølve og heile det norske folket: Land, land, land, høyr Herrens ord!



#### Våre døde.

21. mai: Kari Pedersdtr. Solibakke, f. 1847.  
 26. » Kristen Jakobsson Ervik, f. 1841.  
 29. » Rasmus Sakariasson Hestevik, f. 1887.  
 6. juni: Aud Jonsdtr. Kjøllesdal, f. 1929.

Bered dig, sjæl, og søk din Gud,  
 og tenk på livets ende.

#### Olav den Hellige.

Den 29. juli er det 900 år siden Olav Haraldsson fall på Stiklestad. Han var en av grunnleggerne av den kristne kirke i vårt land. Når vi derfor på Olsokdag holder kirkefest og samler våre tanker om den norske kirkes fortid og nutid og fremtid, så tenker vi også på ham og hans gjerning.

Vi tenker på Olav den Hellige som den rettferdige konge. Han vilde at én lov skulde gjelde for alle, for høvdingar og for småfolk. Derfor blev stormennene hans fiender, og det blev hans bane.

Vi tenker på ham som den nasjonale konge. Han fullførte Harald Hårfagres verk: å samle Norge til ett rike, og gjøre nordmennene til ett folk. Han verget landet mot fremmedveldet og fall i kampen. Men om kort tid var det hans tanke som seiret.

Vi tenker på ham som den kristne konge. Han knekket resterne av hedenskapet, så det aldri mere reiser sig til åpen kamp mot kristendommen. På Moster-tinget blev de første love vedtatt.

Vi tenker jo også på ham som helgenkongen, St. Olav. Dette er egentlig for oss fjernt og uforståelig. Men skal vi forstå den betydning han har havt for vårt folk, må vi ta dette med. I 500 år så alle nordmenn på ham som folkets særlige forbeder hos Gud; undere skjedde ved hans helligdom; han var for dem »Norges stedsevarende konge.«

Men først og fremst tenker vi på Olav den Hellige som et symbol for en stor tanke: Det norske folk skal være et kristent folk. Han er et uttrykk for den sammenheng som der i all denne tid har været mellem kristendommen og folket. Kirken og folket har hørt sammen. Den norske kirke har været en folkekirke. Folket som sådant har hevdet, at kristentroen er det som vi trenger og må holde oss til. Derfor begyndte den gamle Gulatingslov med de ord: Dette er ophavet til våre lover at vi skal bøie oss mot øst og be den hellige Kristus om år og fred. Og vår nuværende grunnlov sier: Den evangelisk-lutherske religion forblir statens offentlige religion. Kristendommen er nødvendig ikke bare for den enkelte, men for folket; den er ikke bare en privatsak, men en folkesak. Folket trenger Kristus om det skal være sterkt og sundt; det må bøie sig for Guds evige lover om det ikke skal gå til grunne. Derfor støtter staten for sin egen skyld kirkens arbeid; derfor har religionsundervisningen sin plass i alle skoler.

Denne sammenheng mellem folket og kirken er kong Olav et symbol på. Det er St. Olavs-tanken, Olsok-tanken. I 900 år har den vært rådende. Nu er der sterke krefter som arbeider mot den. Ropet lyder: Vekk med folkekirken! Vekk med religionen i skolene! Vekk med de bånd som i 30 mannsaldre har forenet det norske folk og den norske kirke! Hvordan det skal gå, vet vi ikke. Men det gjelder om å stå på vakt og gjøre sin plikt for enhver som regner det for den største ulykke, om disse rop skulde få overtaket.